



Klasse 10 E  
Lars Olav Jøsendal  
Rom 213  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2257 - 19/8813

Saksbehandlar:  
Morten Olsen Schulstad  
morten.olsen.schulstad@lindas.kommune.no

Dato:  
14.03.2019

## Om søknad om å forlate skulen sitt område i matpausen

Skulen viser til søknad, mottatt 14.03.19, der klasse 10 E søker om løyve til å forlate skulen sitt område i matpausane.

Rektor fattar med dette følgjande beslutning:

Elevane i klasse 10 E får løyve til å forlate skulen sitt område i matpausane. Løyvet er gyldig frå og med måndag 18.03.19 til og med onsdag 19.06.19. Løyvet er gitt på vilkår om at alle elevane i klassen er solidarisk ansvarlege for at alle elevane kjem seg attende til skulen i god tid før 4. time.

Om skulen finn at dette løyvet har uønskt effekt på klassemiljø og/eller læringsresultat vil løyvet bli trekt attende.

Grunngeving for beslutninga:

Søknaden er grunngeven med hovudsakleg to faktorar, at elevane i 10 E vil utsatt for gruppepress frå dei andre elevane på 10. steget om dei ikkje går på senteret i storefri og at mange av elevane i klassen ikkje har tid til å lage seg niste før dei drar på skulen. Rektor finn ikkje at desse faktorane i seg sjølv er god nok grunn til å innvilga søknaden. Elevane i klasse 10 E bør være trygge nok i seg sjølv til å motstå gruppepress og om dei ikkje har tid til å lage seg niste før dei drar på skulen kan dei enten lage klar nista kvelden før eller rett og slett stå opp nokre minutt tidligare om morgonen.

Det argumentet som bærer søknaden er at klassen gjennom dette løyvet vil få verdifull trening til livet som elev i vidaregåande utdanning, da de vil få «meir ansvar sjølv for kor hen dei befinner seg». Dette er, etter rektor si meining, eit gyldig argument på fleire plan.

Med helsing

Morten Olsen Schulstad  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Kopi til:**

Anders Olav Dale  
Astrid Risa  
Elisabeth Valle  
Geir Kåre Torsvik  
Hans Ketil Porsmyr  
Hilde Fiske Hugaas  
Marianne Kim Bjordal  
Thomas Corneliussen  
Øystein Aamli

**Mottakarar:**

Klasse 10 E

Rom 213

5914

ISDALSTØ